



## **TILLEGGSMOMENT - KLAGE PÅ VEDTAK OM FASTSETTING AV KVOTE FOR LISENSFELLING AV JERV I REGION 6 FOR LISENSPERIODEN 2012/2013**

Vi viser til vår klage av 16. august 2012.

Rovviltnemnda i region 6 har ved sitt møte 28. august handsama vår klage og held fast på vedtaket sitt.

I saksframstillinga finn vi følgjande:

”Selv om Møre og Romsdal ikke oppfylte bestandsmålet i 2012, viser dette at alle tre fylkene er over det fylkesvise bestandsmålet for en treårs periode. Når jervebestanden er over de fastsatte bestandsmålene for både regionen og de fylkesvise bestandsmålene anser sekretariatet at Nml § 4 som oppfylt med tanke på jerv som en del av et artsmangfold i det aktuelle økosystemet/naturtypen.”

Når det gjeld vurderinga etter naturmangfaldloven § 4 så har ikkje det siterte avsnittet noko som helst med ei slik vurdering å gjere. Viss ein skulle bruke ei gjennomsnittsrekning slik, vil det seie at ein kan finne ein utrydde bestand som å oppfylle kravet i § 4. Det er ein umogleg tanke. Avsnittet er grunnlag for om nemnda har adgang til å fastsette kvote til lisensjakta, jf. rovviltforskriften § 7.

Det som skal vere med i vurderinga etter nml § 4 er om dei andre artane i økosystemet til den sørvestlege jervestammen fungerer slik dei er skapt til med noverande jervebestand, og eventuelt større eller mindre enn denne. Vi ser ikkje noko til eit vurderingsgrunnlag for noko slikt, og vi ser heller ikkje noko vurdering på eit slikt grunnlag.

I møtet blei det sagt at rapporten for ynglinga i 2012 ikkje låg føre offisielt, så dei burde jo ha basert seg på yngletalet for åra 2009-2011.

Til dette vil Naturvernforbundet peike på følgjande:

Naturvernforbundet er samd i at ynglemålet siste 3 år, same kva alternativ ein vel, er oppnådd og at nemnda har mynde til å fastsette lisensfellingskvote for jerv. Det som er klagetema er om denne kvota skal vere på 0 dyr, eller noko anna.

Vurderinga knytt til kva kvote det kan fastsetast er i mindre grad avhengig av siste 3 år sitt gjennomsnitt, men meir av følgjande:

Det må vere utsikten til å nå ynglemålet i 2013 og framtidige år, samtidig som ein oppfyller krava i naturmangfaldloven som er utgangspunktet for om det kan fellast dyr på nokon måte. Viss det er lite eller ikkje sannsynleg at ein når ynglemålet for neste år, så er det ikkje rom for kvote til lisensfelling.

Til rovviltforskriften følgjer det ein kommentardel, og til andre ledd i § 7 finn ein dette:

”Annet ledd regulerer hva rovviltneemnden skal legge vekt på ved vedtak om kvote for betinget skadefelling, lisensfelling og kvotejakt på gaupe og antall dyr som kan felles ved slik felling eller jakt. Ved vurdering av felling eller jakt skal rovviltneemnden gjøre en samlet vurdering av bestandens status og forventede utvikling og sannsynliggjøre at bestanden etter neste yngling fortsatt vil oppfylle det nasjonalt fastsatte bestandsmålet for regionen. Kravet til presisjon i forvaltningsvedtak både med hensyn til bruk av skadefellingstillatelser og kvotejakt/lisensfelling øker jo nærmere ned mot de nasjonale bestandsmålene den aktuelle rovviltart forvaltes.”

Kva har ein så av moment med tanke på kor mange ynglingar ein kan vente i 2013?

1. Det er berre ei antatt yngling i yngleområdet for 2012.
2. Ynglemålet i Oppland er berre akkurat nådd.
3. Hedmark har heller ikkje mykje å levere til sørvestnorsk jervestamme i 2012.
4. Ynglemålet for Sør-Trøndelag, i den grad dette har innverknad, blei heller ikkje nådd. Ei kjent yngling utanfor yngleområdet kunne ha verknad for den sørvestre jervestammen, men tise og ungar blei felt i hiet i Oppdal kommune.
5. Den andre antatte ynglinga i Trollheimen (utanom yngleområdet i Møre og Romsdal) er det gitt skadefellingsløyve på fram til lisensjakta tar til.
6. Det er felt ein del i Sogn og Fjordane i 2012, noko som gjer det mindre sannsynleg at ein kan få innvandring derifrå.
7. Smågnagarbestanden i 2012 er på lågmål og tilseier at jervestammen går inn i vinteren utan mykje yngling i sikte for neste sesong.
8. Det ein har av opplysningar peiker i retning av at den sørvestre jervestammen har det lågaste tal individ på nokre år.
9. For dei siste åra kan ein sjå ei anna statistisk utvikling for den sørvestre jervestammen enn for øvrig jervebestand i Noreg og Sverige. Elles så veks jervestammen og meir enn ein kanskje kunne vente. Men slik er det ikkje i den sørvestlege stammen. Utviklinga kan lettast forklarast med at det kjem få eller ingen dyr utanfrå inn i den sørvestlege jervestammen. For den sørvestlege stammen har det vore stor avgang i form av jakt, og lite påfyll utanfrå.

### **Tid for klageavgjerd**

Med klageavgjerda som kom etter endt jakt sist, må vi berre be om at departementet set alt inn på å få ferdig klageavgjerda før jakta tar til i år.

### **Oppsettande verknad av klage**

Når ikkje rovviltneemnda ga klagen oppsettande verknad, ber vi om at Miljøverndepartementet gjer det, i det minste om det ikkje er råd å avgjere klaga før jakta tar til. Det er noko som seier oss at det ikkje bør utsetjast til kvelden før jakta tar til heller.

### **Anna manglande vurdering**

Elles så er det for ein del av vedtaket ei manglande vurdering etter rovviltforskriften § 10, andre ledd også, der det ligg eit krav om at ein skal prøve andre løysingar enn felling i område med ynglemål: "Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning."

**Naturvernforbundet i  
Møre og Romsdal**

Øystein Folden

**Naturvernforbundet i  
Sør-Trøndelag**

Erik Brenna

**Naturvernforbundet i  
Nord-Trøndelag**

Per Flatberg

Kopi:

Direktoratet for naturforvaltning

Naturvernforbundet

Rovviltnemnda, region 6 v/Fylkesmannen i Nord-Trøndelag